


Referat frå elevrådsmøte 10.september

Elevrådet 20-21

Elev:	Klasse:
Eskil Madeleine	5.kl
Emma og Elisabeth	6.kl
Linnea og Emilie	7.kl
Sara og Ida	8.kl
Michal Adrian	9.kl
Kaja og Casper <i>Leiar og nestleiar</i>	10.kl
	Målfrid

- Her er elevrådsrepresentantane for 20-21
- Gjennomgang av kva det vil sei å vere elevrådsrepresentant. Det handlar om:
 - Ansvar
 - Tillit
 - Medbestemming
 - Lese referat
 - Ta opp saker i klassen og bringe vidare
- Vi har faste møter ca 1 gong pr måned. Her er datoane vi har sett opp:
 - 10.sept
 - 22.okt
 - 19.nov
 - 7.jan
 - 4.febr
 - 11.mars
 - 8.april
 - 6.mai



- Vi har oppretta eit classroom for elevrådet. Her vil alle referat og andre dokument som gjeld elevrådet lastast opp. De vil få referatet også i papir. Kan vere lurt å henge det siste referatet opp på oppslagstavle i klasserommet.
- Skolen ønsker at vi skal bli betre på det som handlar om elevmedverknad i skolen. Dette har vore eit tema hos alle lærarane, og vi ønsker å legge endå betre til rette for at elevane opplever og ser at vi driv med elevmedverknad. I kvart klasserom skal det henge noko som synleggjer at vi driv med dette, og lærarane skal ha fokus på dette. Vi håpar at det vil resultere i at elevane opplever at det skjer elevmedverknad på skolen. Vi vil ta opp dette etter at vi har hatt elevundersøkjinga for å sjå kva elevane svarer.

Saker frå klassane:

5.klasse: Ingen saker

6.klasse:

- Ønske om kjekke aktiviteter i skogen. Her er det lite å finne på. Forslag: Zip-line og hinderløype.
Svar: Skolen har ikkje økonomi til å kjøpe inn utstyr som dette. Vi må heller tenke kva aktiviteter vi kan få til ut frå dei tinga vi har. Det kan tas med litt utstyr opp dersom det er avklart med vakta.
- Det er veldig få madrasser i symjehallen. Målfrid sjekker dette.
- Det er ønske om å bruke trampett m.m. i gymen. Dette kan vi bruke, men det skal vere lærarstyrt.
- Nokon klassar opplever at pultane vipper (5.-7.kl). Det er viktig å stille dei rett inn. Skolen har kjøpt inn nye pultar til 5.trinn + stolar til heile mellomtrinnet. Vi kan ikkje investere i meir på dette tidspunktet.

7.klasse:

- Det er ønske om å få ha ballbingen meir.

Svar: Så lenge vi har korona er det vanskelig å endre på rulleringane vi har sett opp. Vi byttar område slik at alle skal få mulighet til å vere dei ulike plassane. Vi kan diskutere bruk av ballbingen når vi er tilbake i normal drift igjen.

Ref.

Målfrid